



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 5

2012

ÅRGANG 27



*Jens Brekke*

kjem på

**Klubbefesten laurdag 3. november!**

Sjå midtsidene

## Klubbefesten i sikte

### Jens Brekke på Klubbefesten!

No er programmet for Klubbefesten på plass, og det håpar me flest mogleg av medlemmane er også laurdag 3. november; me har fått fat i sjølvaste **Jens Brekke frå Vik** til å underhalda – og det borgar for det aller beste, det veit dei som har opplevt han før, både med Sivle-stoff og anna frå Sogn og fylket elles. Dessutan blir det som vanleg både full klubbemiddag og dans, til syngjande godt spel av Fanteladdane. Sjå midtsidene om prisar og påmelding – og kom!

De kan i dette bladet også lesa om at folk har vore på Nordfjordhytta og kosa seg med ost og anna godt siste helga i september, og reist den nye flaggstonga og fått vimpelen i topp.

### Gjenopninga av Pustut utsett

Nokre av oss var nok vel optimistiske då me tillyste gjenopning av Sunnfjordhytta Pustut alt 13. oktober. No er den utsett til våren, då det truleg vert slege saman med ein noko sein 50 års jubileumsfest. Me minner likevel om at det høve til å gje ei jubileumsgåve til hytta, sjå under.

### Gje ei jubileumsgåve

Det har teke si tid og kosta sine kroner å renovera og byggja nytt på Pustut, der var meir å ta tak i enn me visste om. Det står att ein del før hytta kan takast i bruk att, og i samband med det trengst både gode gåver som kan koma vel med på ei lagshytte, og runde kronesummar som kan setjast inn på laget sin konto, 0531 27 71723. Merk innbetalinga med “Jubileums-gåve PUSTUT” og eige namn og adresse, store og små summar er velkomne.

**Sogn og Fjordaneringen** held dei faste øvingane sine tysdagskveldane. Dei ynskjer nye folk velkomne på dansane. I haust skipar dei til fellestur til leikfest på Jessheim og til Kongsberg på nyåret, sjå heimesida deira:

[www.sognogfjordaneringen.no](http://www.sognogfjordaneringen.no)

*Alv Reidar Dale*

Lagsleiar

# KLUBBEFESTEN – ein fest for fjordingar, sogningar og anna godt folk... laurdag 3. november 2012 kl. 19.00 er det duka for

Meiner du ikkje me har gjort nok eit varp og fått den mest folkekjære kulturberaren og underhaldaren i Sogn til å koma på klubbefesten 3. nov.

– 'brattbakkallen' Jens Brekke frå Vik!

I år kan det med andre ord bli så moro ved bordseta i Storsalen, at folk lyt løysa på både beltespenner og kjoleknappar...

For den mannen kan underhalda, med både vidd og vit, sumt etter Sivle og anna etter andre – og ikkje radt lite soge or eige bryst, sjå berre biletet... Så her er det berre å koma seg på fest og nyta dei gleder ordet og bordet byd på...



**Klubbefesten**, haustens kulinariske og kulturelle høgdepunkt for utflytte sogningar og fjordingar og nærskylde, samlar folk

ved festpynta langbord i Storsalen fyrste laurdagen i november kvart år! Og *Sigrund Nesdal* sine troll og kabbar kjem på

plass. Klubben vert som vanleg laga på steinmale byggmjøl frå Fjelli, med mykje godt til, og Nordfjordsongen, Klubbevisa

og slikt som høyrer ein tradisjonell klubbefest til. Dansemusikken er også tinga: **Fanteladdane** – med innslag av folk frå

fylket. Dei syter for drivande godt dansespel.

*Så få med deg folk og kom på Klubbefesten i Storsalen i Nordahl Bruns g. 22, laurdag 3. november kl. 19.!*

### **Påmelding og pris:**

Festen kostar berre 300 kr. for medl. og 400 kr. for andre. Det er svært rimeleg for full middag, underhaldning og dans til levande musikk!

(Sunnmøringane tek fem hundre for langt låkare program!)

### **Påmeldingsfrist måndag 29. oktober.**

Meld dykk på anten til: Jofrid Holter, e-post:

**jofrid.holter@hioa.no**

tlf. 975 91 542, eller til:

Anny Sollid, e-post:

**anny.sollid@online.no**

## Ostekveld og flaggstongreising på Nordfjordhytta 29. - 30. september

Tradisjonen tru frå den seinare tid var det bedt inn til ostekveld på Nordfjordhytta siste helga i september.

I år vart ei sjeldan (får vi håpe) hending lagt til same helg – den nye flaggstonga skulle reisast.

For eit par år sidan vart flaggstonga teken ned for å få byte kula på toppen, då viste det seg at stonga var opprottna, og måtte bytast ut. På hyttetomta vår veks det ein del flotte ranke furer som kunne høve godt til flaggstongemne, og det var ikkje vanskeleg å finne eit godt emne til stong. Treet vart felt, kvista og borka – og hengd til turk under takrafta på uthuset. Der fekk den hanga i godt eit år, før finarbeidet vart fullført og avslutta med måling.

Dagfinn Aa og Oddvar Bjordal har hatt hovudansvar for arbeidet med flaggstonga.



Laurdagsmorgon såg ikkje veret altfor bra ut, men Astrid fekk full bil utover til Rykkinn. Skyene forsvann litt om senn, vi tok det med ro opp dei bratte bakkane til hytta, og vart stogga fleire gonger på vegen oppover med spørsmål om vi skulle til den velhaldne fine hytta som låg på toppen der det låg ei flaggstong klar til reising. Vi lika sjølvsagt den fine omtalen av hytta

Etter god førebuing vart stonga reist utan problem av noko slag, det leid så langt på dag at det var vimpelen som vart heist til topps, vinden var litt sur, men den gjorde susen med vimpelen som folda seg fint ut.

Etter stongreisinga gjorde det godt med ost, kjeks og diverse tilbehør. Drøsen gjekk ut i dei små timar, månen skein frå ein blå himmel, og alt var berre godt. Vi var sju ved kveldsbordet. Frukosten vart ikkje bråtidleg, men lang som vanleg. Ei triveleg helg på hytta.

Randi Solheim  
referent

## PROGRAM FOR HAUSTEN 2012

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Følg med på

<http://www.sognogfjordanelaget.no/> og <http://sognogfjordaneringen.no>

Kvar tysdag Kl. 18–22 Folkedansøving i Storsalen. Første gongen 28/8 og siste gongen 4/12. Julemøte 11/12.  
Aktivitetskalender: <http://www.sognogfjordaneringen.no>

Laurdag 21/9 Lindmo talkshow i NRK

Helga 29-30/9 Osteselskap på Nordfjordhytta

Laurdag 13/10 Smalahovehelg på Lundar, Lunner, Hadeland

Larudag 27/10 Ringen deltek på Oslo-kappleiken

Laurdag 3/11 Klubbefest

Tysdag 11/12 Julemøte kl. 19 i ringen

### Lagsavisa - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til den neste er **27/11**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkta kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til [agnar.kvallestad@nvh.no](mailto:agnar.kvallestad@nvh.no). Alternativt i brev til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for eventuelt å avtale andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilete; helst digitale, men tek også imot farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal.

Me oppmodar folk om å senda inn e-postadressa si til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no), slik at de kan få kunngjeringar med e-post. Og besøk gjerne nettsidene til laget for meir informasjon: [www.sognogfjordanelaget.no](http://www.sognogfjordanelaget.no)

# A

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---

### STYRET

**Leiar:** Alv Reidar Dale 47 33 18 64 (p) – 22 85 63 48 (a)  
[a.r.e.dale@admin.uio.no](mailto:a.r.e.dale@admin.uio.no)

**Kasserer:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) – 92 06 72 63  
[hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no)

### PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) – 90 53 36 96  
[agnar.kvallestad@nvh.no](mailto:agnar.kvallestad@nvh.no)

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
[agnar.hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes@nilf.no)

### Kontakt Sunnfjordhytta:

Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58  
[andorgj@frisurf.no](mailto:andorgj@frisurf.no)

### Kontakt Nordfjordhytta:

Dagfinn Aa, [daa@ssb.no](mailto:daa@ssb.no) 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)

### SOGN OG FJORDANERINGEN

**Leiar:** Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) – 67147350 (a)  
[alb@geofrost.no](mailto:alb@geofrost.no)

---